



Den Norske kyrkje - Vik Kyrkjelege fellesråd

LEDIGE STILLINGAR

Vi søker nye medarbeidarar til våre 5 sokn i Vik kommune. Vi har aktivitet ved alle dei 5 kyrkjene våre, i tillegg har me også samarbeid med fortidsminneforeninga som har ansvar for Hopperstad Stavkyrkje og Hove steinkyrkje. Dersom det er ynskjeleg, kan kombinasjon av stillingane vurderast

1. Fast 60 % stilling som kyrkjelydspedagog/ kyrkjelydsmedarbeidar frå 1.1.23

Arbeidsoppgåver

- Planlegge og gjennomføre trusopplæringstiltak for barn og unge i aldersgruppa 0-18 år.
- Kyrkjelydsbyggande tiltak for vaksne
- Administrasjon, planlegging og gjennomføring av konfirmantarbeidet.
- Rekruttere og følgje opp frivillige medarbeidarar
- Delta i planlegging og gjennomføring av gudstenester og andre kyrkjeleg handlingar
- Andre administrative oppgåver.
- Delta på stabsmøter og aktuelle utval

Kvalifikasjonar:

- 3 årig høgskuleutdanning innanfor faga kristendom, pedagogikk, trus- og livssynskunnskap
- Andre med anna relevant utdanning/bakgrunn kan søkje.

Eigenskapar:

- Gode kommunikasjons- og formidlingsevner i møte med barn og unge
- Erfaring og interesse for barne- og ungdomsarbeid
- Evne til å motivere, inspirere og koordinere frivillige medarbeidarar
- Evne til å arbeide sjølvstendig
- Gode samarbeidsevner og fleksibilitet blir vektlagt.

Vi tilbyr tariff løn og gode pensjons- og forsikringsordningar, og stor grad av fleksibilitet.

Medlemskap i Den norske kyrkja er ein føresetnad. Søklar må disponera eigen bil.

For informasjon kontakt kyrkjeverje Marit J Andersen på

tlf. 47977806 / 90686227 eller på e-post marit.johanne.andersen@vik.kommune.no

Søknadsfrist 16.10.22

Send søknad til Vik kyrkjeleg fellesråd, pb 134, 6893 Vik i Sogn eller rkjeleg.fellesraad@vik.kommune.no